

## Nokre utfordringar med nynorsk sidemål.

Reidun Kydland, rådgjevar ved Nynorsksenteret

Fleire av kompetansemåla i fagplanane for norsk for vidaregåande skole seier at elevane skal ha kompetanse i bokmål og nynorsk. Dei skal ha kunnskapar om nynorsk og bokmål, om språkhistorie, språkdebatt og språkpolitikk, og dei skal kunne lese og tolke tekstar i ulike sjangrar på nynorsk og bokmål. Elevane skal kunne skrive ulike typar tekstar i både hovudmål og sidemål, og dette impliserer at dei skal beherske begge målformer like godt. Bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk i kompetansemåla, men korleis kan ein oppnå at elevane verkeleg får denne kompetansen?

Mange lærarar har opplevd at det er nokre utfordringar med å lære elevane nynorsk sidemål.

<p><b>Motivasjon hos elevane</b></p>	<p>Vi veit at motivasjonen for å arbeide med nynorsk sidemål kan vere veldig varierende hos elevane. Nokre elevar synest det er spennande å utforske skrivning på nynorsk, medan andre er meir motvillige.</p> <p>For elevane vil det vere ein samanheng mellom den haldninga dei har til nynorsk og motivasjonen deira for å lære det.</p> <p>Læraren har ei viktig oppgåve i å skape positive haldningar, engasjement og motivasjon for nynorskopplæring, på same måte som for andre emne og fag.</p>	
<p><b>Elevane har dårlege erfaringar frå tidlegare nynorskopplæring</b></p>	<p>Det kan hende at nokre elevar har dårlege erfaringar med nynorskopplæring frå tidlegare, og det gjer noko med motivasjonen deira og trua på at dei kan.</p> <p>Vi veit også at skolen møter negative haldningar hos nokre foreldre og andre samfunnsaktørar utanfor skolen. Dette vil det sjølvsagt verke inn på haldninga til elevane, og det er ikkje nødvendigvis enkelt å endre haldningar.</p> <p>Men ein kan legge opp til ei praktisk, relevant og variert undervisning, og ein kan spele på dei elevane som er positive til nynorsk.</p>	



<p><b>For lite variasjon i undervisningsmetodar, for mykje fokus på grammatikk</b></p> <p><b>Lærebøkene har lite fokus på skriveopplæring i nynorsk.</b></p>	<p>Undersøkingar viser at lærarane bruker færre ulike metodar i nynorskopplæringa enn i andre delar av norskfaget.</p> <p>Det blir ofte eit tradisjonelt fokus på formverk og grammatikkundervisning, og mindre på andre typar skriveoppgåver.</p> <p>Variasjon er viktig fordi nynorskopplæring er skriveopplæring, akkurat som bokmålsopplæring er det.</p> <p>Mange lærebøker for vidaregåande har lite og ingenting om skriveopplæring på nynorsk.</p> <p>I dei språkdelte lærebøkene i norskfaget blir nynorsk oftast knytt til språkhistorie, dialektlære og den eldste litteraturhistoria. Dette understrekar ei oppfatning av at nynorsk ikkje er brukande i alle samanhengar.</p> <p>Det kan vere lurt å spele på at elevane har kunnskapar om mange dialektar og skriftspråk frå før.</p> <p>Språklege variasjonar og det språklege mangfaldet bør gjerast til faste samtaleemne i klassen.</p>	
<p><b>Elevane burde ha lært å skrive nynorsk i grunnskolen.</b></p>	<p>Ein trur kanskje at elevane meistrar nynorsk sidemål når dei begynner i vidaregåande skole. Dessverre har ikkje alle elevane hatt ei sidemålsopplæring som er tilstrekkeleg i grunnskolen.</p> <p>Nynorskopplæringa må halde fram gjennom alle dei tre åra i vidaregåande skole om ein skal nå kompetansemåla i læreplanen og ruste elevane for eksamen. Skolen bør lage ein plan for korleis ein skal arbeide med sidemålsopplæringa gjennom dei tre åra på vidaregåande.</p>	
<p><b>For mykje fokus på sluttvurdering, og for lite på å lære elevane å skrive</b></p>	<p>Mange elevar får lite rettleiing undervegs i skriveprosessen. Når teksten dei skriv er levert inn er han ferdig, og dei er ikkje så motiverte til å gjere endringar og rettingar. Dersom elevane sjeldan</p>	



	<p>skriv nynorsk og bare får sluttvurdering med lærarens retting av formfeil, er det sannsynleg at dei lærer mindre nynorsk enn om dei får meir rettleiing undervegs i skrivinga si.</p> <p>Det er lurt å la elevane skrive ofte og kort, og få prøve seg og eksperimentere i mange sjangrar.</p>	
<p><b>Elevane møter lite nynorsk andre stader enn på skolen</b></p>	<p>Mange elevar møter nynorsk bare på skolen. Dei fleste elevane som har bokmål som hovudmål les lite nynorsk utanom skolen, og dei møter det ikkje naturleg i kvardagen sin. Det er få som vel å lese ei nynorsk bok, og dei finn lite nynorsk på internett og i sosiale medium om dei ikkje oppsøker det spesielt. Dei største avisene bruker heller ikkje nynorsk.</p> <p>Det er ein god ide å la elevane møte nynorsk kvar dag og i ulike samanhengar.</p>	
<p><b>Nynorskopplæring blir bare norsklærarane sitt ansvar</b></p>	<p>Å lære elevane nynorsk blir i hovudsak sett på som norsklærarane sitt ansvar. Det er sjeldan ein arbeider tverrfagleg med nynorsk, eller at ein les og skriv nynorsk i andre fag enn norsk. Det er også sjeldan at skoleleiinga tar noko ansvar for å bruke nynorsk i informasjon eller brev.</p> <p>Korleis kan ein få til at nynorsk blir eit bruksspråk ein møter på dagleg?</p>	

